

# MOR-senter i Ryfylke – eit pilotprosjekt

Folk i arbeid - læring heile livet



## Bakgrunnen for prosjektet

Regjeringa vil gjennomføra ei kompetansereform i arbeidslivet for at ingen skal gå ut på dato. Integrerings- og kunnskapsminister Jan Tore Sanner peiker på at det vert meir og meir viktig framover at tilhøva ligg godt til rette for å læra og utvikla seg. Han seier at éin konsekvens kan bli, dersom norske bedrifter ikkje klarar å omstilla seg i takt med endringane i samfunnet, auka arbeidsløyse, utanforskap og sviktande finansiering av velferda.

## Nasjonale insentiv og verktøy

Me må læra heile livet. Sanner seier at me må utvikla dei rette verktøya og insentiva som får både den enkelte og næringslivet til å investera i kompetanse og utdanning. På nasjonalt plan er fleire interessante initiativ tatt.

Eit første, interessant initiativ å trekka fram, er forsøket med *Fagbrev på jobb*. Ei ordning der personar som er i løna arbeid, kan bli realkompetansevurdert, få opplæring på arbeidsplassen og ta fagbrev på grunnlag av dette. Forsøket viste svært gode resultat, og det er no bestemt at *Fagbrev på jobb* skal vidareførast som ei fast ordning. I ei evaluering frå Proba (2015) blei det peikt på at ei slik utdanningsform må ta utgangspunkt i at deltakarane i opplæringsløpet, er vaksne som har behov for bistand undervegs i utdanningsløpet. Som eksempel på bistand blir det trekt fram rettleiing i praksisfeltet (på eigen arbeidsplass og/eller på arbeidspraksisplass (NAV)), undervisning i programfag og ev. fellesfag, i tillegg til støtte til å halda progresjonen oppe.

Eit anna relevant initiativ å trekka fram, er programmet *Kompetansepluss arbeid*. Her er målet at fleire kan ta del i opplæring og utdanning og med det at færre skal falla ut av arbeidslivet på grunn av manglande ferdigheiter. Program for *Kompetansepluss arbeid* skal gjera det råd for vaksne arbeidstakarar å styrka dei grunnleggande lese-, skrive-, rekne- og norskferdigheitene sine, samt munnlege og digitale ferdigheiter. Ei utpeikt målgruppe er personar med låg formell utdanning (inga høgare bestått utdanning enn grunnskulen), og/eller dei er innvandrarar som er tilsett i

lågkompetanseyrke. (Innvandrarar i lågkompetanseyrke er prioritert målgruppe uavhengig av utdanning).

### Karriererettleiing

Eit tredje initiativ er satsinga i kompetansereforma på ei sterkare karriererettleiings-teneste. Karriererettleiing har som mål å styrka den enkelte til sjølv å kunna ta bevisste utdannings-, yrkes- og karriereval. Dette krev at me må utvida både karriererettleiinga i skule- og utdanningssystemet, og å implementera karriererettleiing i arbeidslivet. Karriererettleiing kan omfatta ulike former for rettleiing og aktivitetar, både individuelt og i grupper. I nasjonal kompetansepolitisk strategi for 2017 – 2021 blir det peika på at karriererettleiing kan bidra til at seniorar møter krav til omstilling på ein betre måte. Det vil fremja mobiliteten deira, slik at dei blir ståande lengre i arbeidslivet. Vidare blir det òg sagt at målretta og hurtig kartlegging av kompetanse og rettleiing for nytilkomne innvandrarar kan bidra til at dei møter og knyter seg betre til arbeidslivet.

### Med Rogaland inn i ei ny tid – fylkeskommunale insentiv

Rogaland skal vera ein open, aktiv, kunnskapssøkjande og nyskapande fylkeskommune, med fokus på innovasjon, sikring av arbeidsplassar og tilrettelegging for grøen utvikling i heile fylket (Rogaland fylkesting 08.12.2015 – økonomiplan 2016-2019 – årsbudsjett 2016).

### Regionen Ryfylke

Gjennom regionalt utviklingsprogram blei Utdanning i Ryfylke (UIR) etablert i 2012. Føremålet var at dei vidaregåande skulane i Sauda og Strand skulle bli regionale kompetansesenter for å styrka utdanningsnivået til beste for arbeidslivet i Ryfylke.

Utdanningsnivået i Ryfylke er mykje lågare enn landssnittet. Vel 20 prosent av innbyggjarane i Ryfylke har utdanning utover vidaregåande skule. For fylket sett under eitt, er talet vel 30 prosent, mot hovudstaden der meir enn 50 prosent har utdanning utover vidaregåande skule (SSB, 2016). Det låge utdanningsnivået skuldast nok ein oppriven topografi med øyar og fjordar i eit distrikt som utgjer 50% av landarealet i Rogaland, men berre har 6% av befolkningsgrunnlaget.

I ei kartlegging (2.2017 av UIR) seier 86% at dei trur talet tilsette i Ryfylke-bedriftene vil vera som no eller veksa fram mot 2025. Kartlegginga fortel òg at 80% av dei spurde meiner kompetansepåfyll vil vera svært viktig skal organisasjonen utvikla seg.

UIR blei vidareført for økonomiplanperioden 2016-2019.

### Omsetja nasjonale initiativ til regional og lokal praksis

Den føreslegne kompetansereforma i arbeidslivet må me sjå i samanheng med den nasjonale kompetansepolitiske strategien for 2017 til 2021. Her blir det blant anna peika på at for å lukkast, må ein felles innsats til. Aktørar hjå styresmaktene på ulike forvaltningsnivå, partane i arbeidslivet, bedrifter og frivillige organisasjonar må involvera seg aktivt og samordna innsatsen sin.

Å løfta ilag krev godt samspel mellom partane i arbeidslivet og det offentlege. Her er etter vår meining dei vidaregåande skulane i regionen ein sentral aktør. Men det er


òg ein relativt ny tanke for skulen å bidra i den typen regionalt kompetanse-utviklingsarbeid. Ei tydeleg leiing, der fokuset er at skulen er noko meir enn for gruppa 16 - 19 år, må etter vår meining grunnfestast i organisasjonane.

Dei siste åra har Sauda og Strand vidaregåande skular gjennomført kartleggingar og drøfta med arbeidslivet korleis dei skal møte utfordringane som styresmaktene gjev skulane i møte med livslang læring. Ei sak som også er drøfta med NAV, LO, NHO, Innovasjon Norge og Kompetanse Norge.

Signala er å ta utgangspunkt i krav som kjem nedanfrå, altså ta utgangspunkt i dei lokale føresetnadene. Ei slik tilnærming, rotfesta i lokale forhold, som ser utfordringane nedanfrå og opp, er *rettvend* fordi ho ber med seg nødvendig presisjon for å oppnå effekt. Nært, kjent, enkelt og trygt er nøkkelord for utforming av tiltak når sentrale styresmakter ønskjer livslang læring for alle.

For å oppnå effektfulle tiltak, er prosjektet forankra i prinsipp for samskapt læring og utvikling (Klev & Levin, 2009). I dette perspektivet spelar eksterne og interne aktørar saman, tiltak blir ikkje vedtatt frå øvste hald og sette i verk nedover i systemet, men blir utvikla ved at eksterne ekspertar og interne «innbyggjarar» i eit system saman avklarar utfordringa og gjennom felles refleksjon og læring i etablerte arenaer utviklar tiltak som skal møte utfordringa, prøver desse ut, reflekterer over resultatet og fører dette tilbake til vidareutvikling. Basert på disse prinsippa er det ikkje i denne prosjektplanen vektlagt omtale av konkrete tiltak, sidan utviklinga av desse i fellesskap er ein viktig del av innretninga i prosjektet.

#### \*Illustrert organisatorisk tilnærming



Arbeidslivet peikar på at ein må styrka rolla til dei vidaregåande skulene i distrikta som regionale kompetansesentra. Dette er viktig for utvikling, nyskaping, innovasjon og nødvendig samhandling.

Som eit ledd i Ryfylkeskulane si satsing på MOR-prosjektet, og med det eit auka fokus også på andre brukargrupper enn den tradisjonelle elevgruppa, meiner me at skulebiblioteka òg bør utvida mandatet sitt og utvikla det tradisjonelle tilbodet. Skulebiblioteket er eit pedagogisk ressurscenter for heile skulen, og det bør òg vera ein ressurs for fleire enn skulen sine elevar. I regional bibliotekplan for Rogaland (2014-17) blir biblioteket omtalt som ein utviklingsaktør, som eit lokalt kunnskapscenter som skal bidra til å styrka kunnskap og lokal utvikling. Det står vidare at bibliotekarane må utvikla sin kompetanse slik at biblioteka blir *kunnskapsutviklarar* og ikkje berre *kunnskapsforvaltarar*.

Eit bibliotektilbod handlar no like mykje om digitale tenester som tradisjonelt bokutlån, og der dei tidlegare søkte fagstoff/informasjon, treng brukarane no rettleiing i å strukturera og kvalitetssikra informasjonen. I behandlinga av stortingsmeldingane 27 (2015-2016 Digital agenda, om digitalisering) og 28 (2015-2016 om fornying av læreplanane) har Stortinget framheva verdien av skulebiblioteka som «en læringsarena i og på tvers av alle fag og et samlingspunkt for bruk av digitale læringsressurser».

#### Samarbeid mellom lokale aktørar og Høgskolen i Innlandet

Ifølge forskings- og høgare utdanningsminister Iselin Nybø bør universitet og høgskular bli ein sentral del av kompetansereforma. I det prosjektet me no legg fram, er det inngått ein intensjonsavtale mellom Høgskolen i Innlandet og samarbeidspartane lokalt i Ryfylke. I denne prosjektorganiseringa vil Høgskolen ha eit overordna ansvar for prosjektgjennomføringa. Dei vil støtta opp med ei «tradisjonell følgeforskning», der forskinga primært undersøker utviklingsprosessen og samsvaret mellom målsetting og oppnådd resultat. Dei vil òg inngå som samarbeidspart i utviklingsprosjektet. Ei slik rolle baserer seg på tilrådingar og prinsipp i nyare forskning knytt til innovasjon i offentleg sektor (for eksempel Fuglsang, Rønning, & Enquist, 2013; Magnussen, 2016; Sørensen & Torfing, 2011) og prinsippene for samskapt læring (Klev & Levin, 2009). Her vert det lagt vekt på kor viktig det er at lokale aktørar og eksterne fagmiljø spelar på lag. Tiltak skal ikkje bli vedtekne ovanfrå og sette i verk nedover i systemet, men må utviklast ved at eksterne ekspertar og interne «innbyggjarar» i eit system saman avklarar utfordringane og gjennom felles refleksjon og læring i etablerte arenaer utviklar tiltak som skal møta utfordringane, prøva desse ut, reflektera over resultatet og føra dette tilbake til vidareutvikling i ein kontinuerleg læringssirkel. For å medverke til valide resultat i følgeforskninga og unngå eventuelle interessekonflikter mellom både å vere ein del av prosjektet og skulle evaluere det, vil følgeforskninga bli gjennomført av ei eiga forskingsgruppe som ikkje inngår som aktiv part i utviklingsprosjektet.

## Fylkeskommunal forankring

Prosjektet er presentert for Fylkestinget for Rogaland som 24.04.2018 samstrøystes vedtok:

1. *Rogaland fylkeskommune støttar opp om, og vil arbeida for å realisera pilotprosjektet MOR i Ryfylke som er eit samarbeidsprosjekt mellom Sauda og Strand vidaregåande skular.*
2. *Rogaland fylkeskommune vil ved kontakt til Kunnskapsdepartementet, søkja om at Kompetanse Norge engasjerer seg i pilotprosjektet MOR i Ryfylke.*
3. *Ryfylke sin del av fylkeskommunal løyving til UiR inngår som Rogaland fylkeskommune sin eigenandel i pilotprosjektet.*
4. *Rogaland fylkeskommune søkjer samarbeid med Høgskulen Innlandet for å følgja, evaluera og effektmåla pilotprosjektet.*

Vedtaket tok utgangspunkt i UiR si utgreiing om MOR, og Stortinget sin merknad til Prop. 1, Kunnskapsdepartementet kap. 258 Tiltak for livslang læring

"Komiteen har merket seg at det er sett i gang flere tiltak for å styrke livslang læring, herunder pilotprosjektet «Motivasjon, opplæring og rettleiing (MOR)» i Ryfylke, et samarbeidsprosjekt mellom Høgskolen i Innlandet sin karriereveiledningsutdanning og de vidaregåande skolene i Ryfylke. Komiteen mener det er viktig med nytenkning rundt samarbeid og organisering, og at prosjekter som dette kan bidra til å fremme livslang læring og sikre økt arbeidsdeltakelse."

## Pilotprosjektet MOR

Dette prosjektet siktar mot å omsetja Nasjonal kompetansepolitisk strategi i regional praksis. Ei slik erfaring vil løfta fram kunnskap om innretting og innhald i ein ny kompetansepolitisk strategi for Rogaland, og tilføre viktig kunnskap for vidare utvikling på nasjonalt plan.

Ved oppnåing av måla sette i prosjektet, vil overføringsverdien nasjonalt omhandle:

- Modellar for regional samhandling mellom utdanningsinstitusjonar, bedrifter og organisasjonar, både i utvikling, gjennomføring og vurdering av tiltak for å auke utdanningsnivået for den enkelte og samfunnet som heilskap. Desse modellane vil både kunne ha verdi for regionar med same demografiske og geografiske struktur som Ryfylke, men også andre og større regionar og byar.
- Effektfulle tiltak som omset og tilpassar nasjonale insentiv til lokale og regionale forhold. Desse tiltaka vil omfatte både organisatoriske og prosessuelle innrettingar knytte til tilbod om utdanning og karriererettleiing.
- Gjennom samarbeidet med Høgskolen i Innlandet vil prosjektet sikre forskningsbasert dokumentasjon på faktorar som bidrar til den ønska resultatoppnåinga.

### Type tilnærming og aktivitetar i pilotprosjektet

Overordna er å møte utfordringar knytte til kvalifisering, opplæring og utdanning som inntil nå enten ikkje har vore løyste, eller som har hatt ei mangelfullt utcome. Vidare gjennom samskapte prosessar møte utfordringar og nytte kunnskap som kan kome andre i eller utanfor regionen til del.

#### Modulbasert kompetanseopbygging

Det franske Eramet-konsernet er leiande produsent på verdsbasis av raffinerte manganlegeringar. Døgndrift ved skiftordning i prosessindustrien krev særskild tilnærming og organisering av nødvendig kompetanseopbygg til arbeidsstokken for å halde posisjonen og bygge framtidig konkurransekraft. Eramet Norway som del av Eramet har prosessanlegg i Sauda, Porsgrunn og Kvinesdal.

Ei ny tilnærming på trappene er å tilføre fagoperatørar tilleggskompetanse utover fagbrev. Tanken er å gjere operatørrollen meir attraktiv ved å bidra til fagleg utvikling og derved skape rom for fleire oppgåver og større ansvar. Målsettinga er å utvikle framtidens operatørar gjennom modulbasert kompetanseopbygging. Ein kombinasjon mellom skole- og fjernundervising, sjølvstudium og prosjektoppgåver opnar for deltaking med avgrensa fråver frå jobb. Slik kompetanseopbygging skal understøtte sentrale verksemdmål, eksempelvis etterleving av miljøkrav, digital transformasjon og bidra til driftsoptimalisering og sikker drift.

Konseptet er eit samarbeid mellom lokale bedrifter, vidaregåande skole og eksterne kompetansmiljø for fagspesifikk kompetanseopbygging tilrettelagt i høveleg omfang på arbeidsplassen. Sauda vidaregåande skule og andre lokale vidaregåande skolar er tiltenkt rolla som motor i dette. Tilnærminga har overføringsverdi til andre bedrifter og organisasjonar som kan forme innhald og tilrettelegge organisering i tråd med eigne ønske og målsettingar.

#### Desentralisert sjukepleieutdanning

Samhandlingsreforma har medført ny organisering av helsetenester med ny fordeling av ansvar og oppgåver. Ein effekt av dette er tilførte kompetansekrav til institusjonar utanom dei store helseføretaka. Kommunane er pålagde oppgåver dei ikkje hadde før, som t.d. postoperative tenester og pleieoppgåver ved langt framskriden sjukdom m.m., som eit tillegg til andre ansvarsområde. I den nye organiseringa ligg også innbakt eit sanksjonssystem der kommunane blir straffa økonomisk av helseføretaka om dei ikkje kan innfri ved å stille kapasitet og nødvendig kompetanse til disposisjon på kort varsel.

Behovet for kvalifiserte sjukepleiarar er mest framtrédande i distriktsnorge som er hardast ramma av ein utakt mellom pålagde krav og kapasitet på utdanningssida. Generell mangel på sjukepleiarar her til lands får sitt mest markante fotavtrykk i mindre samfunn som har vanskar med å rekruttere, og dersom ein lukkast, er erfaringa at arbeidsforholdet ofte blir kortvarig.

Sauda kommune har tatt initiativ om oppstart av desentralisert sjukepleieutdanning i Ryfylke. Målet er å kvalifisere opp eigne tilsette i kombinasjon med eksisterande jobb som ein veit vil bli buande og som over tid vil utgjere stabil arbeidskraft. Fleire kommunar i regionen har her hengt seg på. Ressurssituasjon og avgrensa kapasitet for praksisopplæring på tilbydarsida medfører at det samla behovet ikkje kan komast i møte. På kort sikt vil Sauda, Suldal og Vindafjord kommunar bli tilgodesett ved eit tilbod med planlagt oppstart i 2019.



MOR-piloten vil medverke ved at dei vidaregåande skolane i Ryfylke tilbyr lokale, bidrar med støttefunksjonar og stiller fagleg kvalifiserte tilsette disponible ved gjennomføring av studiet. I tillegg vil skolane fylle rollen som drivar for oppstart av tilsvarande tilbod i komande år med anna regionalt nedslagsfelt.

### Ny tilrettelagt opplæring

Dei vidaregåande skolane i Ryfylkeregionen samarbeider med introduksjonstenesta om kurs og opplæring for flyktningar som tillegg til introduksjonsprogrammet. Slike tilbod har medført at mange er komne vidare i arbeid eller har starta på ei utdanning. I prosjektet vil dei vidaregåande skolane innta ei meir aktiv rolle ved utvikling av nye modellar for opplæring for denne målgruppa med sikte på at vegen frå ankomst til dei er i målretta aktivitet, blir kortare.

Erfaringar frå skreddarsydde yrkesretta opplæringstilboda for flyktningar vil me saman med våre tilrettelagde avdelingar også nytte til å utvikle tilbod som kan møte elevgrupper som ikkje finn seg til rette i det opplæringstilbodet den vidaregåande skolen byr dei i dag. Tilbod med innretting som fevner skule, fritid og arbeid og som set fokus på individet, interesser og det dei meistrar.

### Visjon

- omsetja regjeringa si satsing på *Læring heile livet* til funksjonell praksis til det beste for den enkelte innbyggjar, arbeidslivet og samfunnet.
- implementera karriererettleiing som eit integrert tilbod og verkemiddel i skule/utdanningssystem og arbeidsliv
- ei teneste basert på nedanfrå og opp-prinsippet med kunden, forstått som den enkelte innbyggjar og aktørar i det regionale arbeidslivet, sett i sentrum
- omsetja ønske om utdanning og kompetanseheving til direkte nytte og effekt

### Målsettingar for Pilotprosjektet MOR

- kvalifisera fleire for arbeidsliv og/eller tilgang til utdanningssystemet
- møta kompetansebehov i regionalt arbeidsliv
- få til samskaping og samhandling mellom institusjonar og aktørar i utviklinga av tiltak og organisasjonsformer som motiverer den enkelte innbyggjar og bedrifter til kompetanseheving i åra som kjem
- auka utdanningsnivået i Ryfylke gjennom lokal tilrettelegging
- utvikla og implementera ordningar som bidreg til utdanning for ei ny tid – integrert læring som kombinerer læring på arbeidsplass og læring ved bruk av digitale hjelpemiddel

### Prosjektets kjenneteikn

- innovativt - vidaregåande skule i ny rolle
- omvendt tilnærming - kunde i sentrum
- samhandling - skule, arbeidsliv, institusjonar, organisasjonar
- samskapt læring - ny arbeidsform

## Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Rogaland fylkeskommune

Prosjektansvarleg: Høgskolen i Innlandet

Prosjektgruppe:

- 2 rep Politisk og administrativ leiing i Rogaland fylkeskommune
  - Marianne Chesak, fylkesvaraordfører(leiar)
  - Joar Loland, opplæringsdirektør
- 1 rep Høgskolen Innlandet – prosjektansvarleg
  - Erik H. Haug, institutt karriereutdanninga
- 1 rep Sauda og Strand vgs
  - Helge Malmberg, vara Tova Ann Hustveit – avd leiarar
- 2 rep Rep. for arbeidstakarorganisasjonar
  - Eirin Sund, leiar LO Rogaland
  - Anders Folkestad, tidlegare leiar UNIO
- 2 rep. frå arbeidslivet
  - Kåre Bjarte Bjelland, direktør Strategisk utvikling, Eramet Norway
  - Kari Eie Duestad, økonomi og personalansvarleg i Comrod
- Rep NAV
  - Truls Nordahl, seniorrådgjevar tidlegare trygdedirektør i Rogaland

Prosjekt lengd: Tre pluss eitt år. For å få full utteljing for eit treårig prosjekt, veit me at det tek tid å starta opp og avslutta slike prosjekt, derfor 3 + 1.

Organisering: Tett og integrert samarbeid mellom skulane med to årsverk på kvar stad og ein lokal prosjektleiar. Eit samarbeid som skjer i dialog med opplæringsavdelinga og Høgskolen i Innlandet.

Dagleg gjennomføringsansvarleg:

Sauda og Strand vidaregåande skular står saman med opplæringsavdelinga i Rogaland fylkeskommune for dagleg gjennomføring av prosjektet.



<b>BUDSJETT MOR</b>						
	<b>ÅR</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>Sum</b>
<b>Utgifter</b>						
Lønn						
PL Høgskolen i Innlandet		800	800	800	800	
Lokal leing MOR Ryfylke		600	700	700	600	
Rådgjevarar		1900	2300	2300	1900	
Sosiale kostnader		1320	1480	1520	1520	
Kontormateriell		150	150	100	50	
Reiser		200	200	200	150	
Kurs og møte		200	275	275	200	
Midlar til forskning		500	600	500	400	
Anna		100	100	100	50	
<b>Sum utgifter</b>		<b>5770</b>	<b>6605</b>	<b>6495</b>	<b>5670</b>	<b>24540</b>
<b>Inntekter</b>						
Tilskot frå staten		3000	3000	3250	3250	
Tilskot frå R. fylkeskommune		1000	1000	1000	1000	
Tilskot frå R. fylkeskommune UiR		500	500	500	500	
Tilskot NAV		250	250	250	250	
Tilskot Ryfylke IKS		250	250			
Høgsk. Innlandet/Strand og Sauda vgs		250	250	250	250	
Næringslivet/FOND		500	500	500	500	
Eigne inntekter		300	450	450	350	
<b>Sum inntekter</b>		<b>6050</b>	<b>6200</b>	<b>6200</b>	<b>6100</b>	<b>24550</b>
<b>Resultat prosjekt</b>						<b>10</b>

## Litteratur

- Fuglsang, L., Rønning, R., & Enquist, B. (2013). *Framing innovations in public sector services*. Oxford: Taylor & Francis.
- Klev, R & Levin, M. (2009). *Forandring som praksis*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sørensen, E., & Torfing, J. (2011). Enhancing collaborative innovation in the public. *Administration & Society*, 43(8), 842–868.
- Magnussen, S. (2016). *Lokalmedisinsk senter som nasjonal innovasjonsside og interkommunal innovasjonsprosess*. Doktorgradsavhandling. Lillehammer: Høgskolen i Lillehammer.